



Krom Holding AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2446 - 19/26777

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 134/400 Hilland

Tiltak: Dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 134/400
Tiltakshavar: Storneset AS
Ansvarleg søkjar: Krom Holding AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.06.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon må sendast til vegavdelinga for uttale. For at dei skal uttale seg er det naudsynt at det ligg føre teikning som viser utforminga av avkøyrsla. Vi ber om at du sender inn eit situasjonskart som viser tiltaket. Vi minner også om at det berre er etablering av avkøyrsløkke kommunen er budd på å gi dispensasjon for. Etablert parkering på friområde skal tilbakeførast til godkjent bruk.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.10.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Til informasjon:

Vi legg til grunn at vedlagt utsnitt frå advokat som samtykker på vegne bebuarar viser til den aktuelle avkøyrsløkken.

Dersom kommunen gir dispensasjon i saka må det formelt søkast om avkøyringsløyve for gjennomføring av tiltak.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin



mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Krom Holding AS
Storneset AS

Alvervegen 25 5911
Leknesvegen 9 5915

ALVERSUND
HJELMÅS